
Vår referanse 2020/62521-3
Dato 05.10.2020

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Søknad om nydyrking - Hatteberg gnr 87 bnr 12 - Kvinnherad kommune - Fråsegn om kulturminne

Viser til søknad datert 24.08.2020 vedrørende nydyrking på vestsida av Hattebergselva i byrjinga av Muradalen, på gnr. 87, bnr. 12 i Kvinnherad kommune. Viser og til vårt varsel om synfaring av 16.09.2020. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Arkeolog frå Vestland Fylkeskommune var på synfaring på det gjeldane arealet 01.10.2020. Frå før var det kjent eitt automatisk freda kulturminne innanfor det omsøkte området, id. 230375, ei kolgrop for produksjon av trekol som vart brukt til smiing. Dette er ein kategori kulturminne som er frå førreformatorisk tid. Då vart det grave ei stor grop i marka som vart fyllt med ved og røter og dekkja til med sand, jord og torv og kontrollert brent slik at ein fekk trekol til smieproduksjon. Seinare har ein nytta kolmiler som vart plassert oppå marka. Ved synfaringa vart det registrert tre nye kolframstillingsanlegg av same førreformatoriske type i søre delen av det omsøkte arealet. Desse er lagt inn i Riksantikvaren sin database Askeladden med id. 272059, id. 272060 og id. 272062.

Det er elles steingardar og rydningsrøyser i området, som utgjer øvre (vestre og sørvestre) delar av det omsøkte arealet. Desse områda bør få liggja i fred og nyttast som beiteareal som i dag. Dei er svært rike på store jordfaste steinblokker og det ville endra landskapet i alt for stor grad dersom dei vart oppdyrka. Dei nedre (austlege) delane mot Hattebergselva har vi ikkje merknader til med tanke på nydyrking då ganske tilsvarande areal på andre sida av elva er oppdyrka slåttemark og det vil såleis ikkje verta eit brot med det øvrige landskapet. Det er likevel sers viktig at overgangen mellom det som vert dyrka og det som ikkje skal dyrkast vert gjort så glidande som mogleg.

Det er lite truleg at ein ville funne spor etter busetnad innanfor det omsøkte arealet. Det vart ikkje sett andre synlege automatisk freda kulturminne under synfaringa og vi ser ikkje trong for ei ytterlegare markundersøking dersom ein tek til fylgje det arealet som er vist på vedlagt kart der det er lagt inn god avstand til dei automatisk freda kulturminna.

Vestland fylkeskommune ber om at ein tek omsyn til steingardar og andre kulturlandskapstrekk i området ved opparbeiding av feltet.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekkja under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Med helsing

Glenn Heine Orkelbog
fagleiar feltarkeologi

Lars Øyvind Birkenes
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kart henta frå Askeladden som viser arealet Vestland fylkeskommune kan godta nydyrka i høve til kulturminne og kulturlandskapsverdiar
- 2 Kart henta frå Askeladden som viser arealet Vestland fylkeskommune kan godta nydyrka i høve til kulturminne og kulturlandskapsverdiar JPG